



Nye Ålesund kommune  
Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

## Mandat og reglement for fellesnemnda for etablering av nye Ålesund innan 1.1.2020

### 1. Formål

Kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund har vedteke å gå saman om å skape ein ny, felles kommune. Kommunane opprettar ei felles nemnd for å samordne og førebu etableringa av den nye kommunen som skal vere operativ frå og med 1. januar 2020.

### 2. Oppnemning. Samansetting. Funksjonstid

- 2.1 Kvar av kommunane vel fem faste medlemer, og like mange vara vald i rekkjefølgje, til fellesnemnda. Valet skjer av og blant dei faste medlemene av kommunestyra.
- 2.2 Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
- 2.3 Oppnemninga skjer med heimel i inndelingslova § 26, jf. første ledd, og vala skal sikre balanse mellom kjønna, jf. likestillingslova § 13.
- 2.4 Fellesnemnda startar sin funksjon når endeleg vedtak er fatta av Stortinget. Funksjonstida går ut når det nye kommunestyret, som blir vald ved kommunestyrevalet 2019, er konstituert etter reglane i inndelingslova § 27.
- 2.5 Ordførarane utgjer fellesnemnda sitt **arbeidsutval**, jfr. inndelingslova § 26, 6. ledd. Rådmennene deltek i møta i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet skal fastsetje agenda for møta og førebu sakene til fellesnemnda. Arbeidsutvalet innstiller til fellesnemnda.
- 2.6 Det skal opprettast eit **partssamansett utval**, jfr. inndelingslova § 26, 2. ledd, med representantar frå tilsette og arbeidsgjevar frå kvar av kommunane. Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen skal veljast blant fellesnemnda sine medlemar, og skal utgjere eit fleirtal av medlemane i utvalet. Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane. Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med tale- og forslagsrett. Utvalet skal handsame saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jamfør Kommuneleva §25, Inndelingslova §26 og Hovudavtalen. Utvalet skal gi uttale i saker som vedkjem overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

### 3. Oppgåver og mandat

- 3.1 Fellesnemnda skal førebu arbeidet med kommunesamanslåinga, og sikre naudsynt samordning mellom dei fem kommunane fram til konstituerande møte er halde for nyvalgt kommunestyre hausten 2019.
- 3.2 Fellesnemnda skal gjennomgå og vurdere alle prinsipielle forhold ved samanslåingsprosessen.
- 3.3 Fellesnemnda skal utarbeide økonomiplan og budsjett for det første driftsåret for den nye kommunen (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum), og legg fram forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak for det nye kommunestyret som blir vald hausten 2019, her under framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova).
- 3.4 Fellesnemnda skal i si verkeperiode gje fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnde i kapittel 1 i dette reglementet (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum).
- 3.5 Fellesnemnda blir eit koordinerande ledd mellom kommunane med tanke på å samordne ei heilskapleg planlegging på økonomiområdet, jf. pkt. 6.4. i intensjonsavtalen.
- 3.6 Fellesnemnda har ansvar for informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane under etableringa av den nye kommunen.
- 3.7 Fellesnemnda skal, med dei føringane som ligg i intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune:
  - 3.7.1 Arbeide med utvikling av felles planstrategi og samordning av planarbeidet i kommunane.
  - 3.7.2 Utarbeide modellen for den folkevalde styringsstrukturen med namn på dei ulike organa, organa sin funksjon, talet på medlemmer, val og samansetting. Modellen skal vere nedfelt i eit samla reglement eller eitt reglement for kvart organ, og vere grunnlaget for det nye kommunestyret sine val til dei aktuelle organa hausten 2019, jf. pkt. 6.3. i intensjonsavtalen.
  - 3.7.3 Utarbeide modellen for den administrative styringsstrukturen med inndeling i strategisk leiing, einingar og verksemdar.
  - 3.7.4 Utarbeide delegeringsreglement med delegert mynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ, og til rådmannen.
  - 3.7.5 Vurdere kva for interkommunalt samarbeid som bør bli sagt opp, som bør bli oppløyst, som bør bli ført vidare som no eller eventuelt i endra form, og om det er nye tenester og oppgåver som bør bli utført ved interkommunalt samarbeid, jf. pkt. 7 i intensjonsavtalen.
  - 3.7.6 Utarbeide reglar for målbruk i kommunen, jf. pkt. 2 i intensjonsavtalen.
  - 3.7.7 Utarbeide framlegg til beredskapsplan for den nye kommunen.

3.8 Fellesnemnda kan utarbeide også andre dokument som måtte vere naudsynt eller ønskjeleg for at den nye kommunen skal vere operativ frå startstidspunktet 1.1.2020.

3.9 Fellesnemnda får fullmakt til:

- 3.9.1 Å gjere vedtak i alle saker som er naudsynte for å etablere den nye kommunen.
- 3.9.2 Å tilsetje rådmann i den nye kommunen. Rådmannen vert prosjektleiar for kommunesamanslåingsprosessen.
- 3.9.3 Å opprette prosjekt- og arbeidsgrupper for å utgreie tema som nemnt i pkt. 3.6, eventuelt også andre tema, og å gi slike utval mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art, jfr. inndelingslova § 26 sjetste ledd.
- 3.9.4 Å gjere vedtak om politisk og administrativ organisering i den nye kommunen.
- 3.9.5 Å gjere vedtak om godtgjersle og øvrige reglement for politisk arbeid.
- 3.9.6 Å tilsetje personell i den nye kommunen.
- 3.9.7 Å gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, første punktum. Fellesnemnda gjer vurdering av om det er hensiktsmessig vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon og kontrollutvalssekretariat, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, tredje punktum.
- 3.9.8 Å inngå avtalar om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr, og andre avtalar som er naudsynte for å etablere den nye kommunen.
- 3.9.9 Å fastsetje arbeidsgjevarepolitikk og andre personalpolitiske reglement og planar for den nye kommunen i tråd med hovudavtalen og arbeidsmiljølova.

3.10 Oppgåver og mandat i pkt. 3.1 – 3.9 er gitt med heimel i inndelingslova § 26.

## **4. Forholdet til kommunelova**

- 4.1 Reglane om møteprinsipp og møtebok (§ 30), opne møte (§ 31), og andre sakshandsamingsreglar (§§ 31 a – 35) gjeld fullt ut for fellesnemnda og dei arbeidsutvala nemnda opprettar (jfr. inndelingslova § 26 sjuande ledd). Ved oppretting av arbeidsutval gjeld reglane i § 36 – 38 a.
- 4.2 Reglane om møte- og talerett for ordførarane (§ 9 nr. 4), rådmennene (§ 23 nr. 3) og tilsette (§ 26) gjeld fullt ut for fellesnemnda og dei arbeidsutvala nemnda opprettar (jfr. inndelingslova § 26 sjuande ledd).
- 4.3 Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek (jfr. inndelingslova sjuande ledd).
- 4.4 Eige møtereglement for fellesnemnda vil bli utarbeidd.

## 5. Forholdet til dei eksisterande kommunane

Kvar av kommunane har i perioden fram til kommunesamanslåinga ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha betydning for den nye kommune bør drøftast i fellesnemnda før endeleg avgjerd i dei respektive kommunestyra.

## 6. Arbeidet i fellesnemnda

- 6.1 Fellesnemnda arbeider etter prinsippet for ein prosjektorganisasjon og med prosjektleiaren som dagleg leiar.
- 6.2 Prosjektleiaren rapporterer om sitt arbeid til nemnda, får sine fullmakter frå nemnda og arbeider elles etter den instruks som er gitt ved tilsetjing.
- 6.3 Kvar av deltakarkommunane, jf. kapittel 1 i dette reglementet, stiller med administrativt personell til disposisjon for å hjelpe fellesnemnda og prosjektleiaren til å løyse sine oppgåver.
- 6.4 Medlemmer av fellesnemnda og politisk valde representantar i underutval og delprosjekt skal ha godtgjersle som følgjer av eige reglement.
- 6.5 Innkalling til og referat frå møta i fellesnemnda skal gå som kopi til dei samarbeidande kommunane så snart dei er klare. Denne informasjonen skal bli lagt fram som melding eller eiga sak til kommunestyra etter nærare reglar fastsett av kvar kommune.
- 6.6 Nemnda sin leiar og nestleiar skal saman med prosjektleiaren med jamne mellomrom orientere kommunane gjennom møte med formannskapa om arbeidet i prosjektet.
- 6.7 Delegeringsreglement som nemnt i pkt. 3.7 d skal leggest fram for godkjenning av det nyvalde kommunestyret, seinast i desember 2019.
- 6.8 Ålesund kommune tek ansvar for arkivering av dokumentasjon knytt til etableringa av nye Ålesund kommune.

## 7. Økonomi

Fellesnemnda disponerer eingongstilskot, reformstøtte og andre prosjektmidlar tildelt i samband med kommunesamanslåinga.